Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 — Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Nærbø

Emne: — Bygdelag.

Oppskr. av: Aug. Skjærpe — Gard: Skjærpe

(adresse): Nærbø — G.nr. 21 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

X.

1\. Ja jau! Folk var meir hardføre fyrr enn no tiedags. Min far far (bestefar) var ein hardhaus. (fødd 1808.) Kom han ut for nokko, so hadde han det fyre seg sjølv, men eingong kom han til far, og bad han å sjå, um der ikkje kunde vera nokko i det eine augo. Far vrengde øvre augnalog og der låg eit byggkorn so begjønna å slå røder, av fuktigheta og varmen. Eingong datt han ned i ein brønd. Slog du deg ikkje? Jau men gjorde eg so, svara han.

6\. Mor til mi kona, Hanna Nærland sa, at tjåra vart brukka på svidla byller.

14\. Min far hadde ei lækjarbok, so hiete Husdoktoren, men det er nok uvisst um den er til no.

23\. Far min (f. 1850) kom ein mest kalla som ein hjelpedoktar. Folk kom til han med byller (svulls) Når desse gulnar i toppen gjorde han eit kutt, med ein liten kvass kniv, han passa godt på, so klemde han byllen til rota av svullen kom ut, vaska med karbolvatn, og ferdig med det. Han hadde nål og tråd (apoteksaker) Ei av jentebarna hadde kløyvd underlippa, ein sterk kar heldt jenta, og far sydde att, og fint vart det. Beinbrot spjelka han, og vedkomande hadde ikkje mein av det. Folk kom langvegs frå, med rusk i augo so han måtte taka ut. Sandkorn kunde hava legget so lenge at dei var liksom fastgrodde. Då måtte ei kvass synål til for å prikka sandkorni laus. Alt utan betaling. Eg sjølv (f. 1876) fulgte nøie med, når han hjelp folk, og

15584

det inbre sora og meg fyre, og hev doktera mange, so hev Kome med rusk i augo, og eg kan takka far for, det eg såg av han. I 1913 kom min son ut for et uhell. Han var i løda og skar hakkelse. Vind var drivkraft. Sonen kom uti ein aksling og vart kasta rundt og slog av begge fotleggene. Tok guten og bar han inn, bad kona passa på, men eg sprang og ringde til doktar. Han kunde ikkje koma fyrr 4 timar.

Eg tok snedkeren, jaga han frå saga, og saga sjølv spiler for å spjelka guten. Eg hadde høyrt at startåa, kneskallen og hoftekammen, skulde hava rett linja, kona heldt i aksla på guten, so låg på stovebordet, og eg strekte til, slap sleit av, so beinstumpane kom ret mot einannan, og spjelka til. Doktaren kom, og den eine fot var spjelket so fint, at han gipset; men den andre var av på to stader, og beinstumpen var klemt bak i leggen, så han måtte få den på plass fyrst. Jeg hadde ikke lagt merke til 2 brud. Nå er guten Aasbjørn Skjørpe, senter på Viking, Stavanger, og sprek som få.

I dette tilfelde kan ein nest seia, at eg hev arva lækjarhjelp av far.

25. Far var anleggsarbeider på Jærbana i 1875 og kom solis tidlegt i lag med distriktslækjar, når nokon var ute for ulukke.

26. Fars lækjarhjelp tykte alle vel um, men var det noko han ikkje vilde ta til med, viste han dei til doktar.

35. Rett ned frå Obrestad fyr, mot sjøen, er ei kjelda, so heite „Bispekjelda". Biskopen måtte drikka av dette vatnet, før han tok til med oppskrifningi i Kyrkja, seiest det.

37. Eg høyrt dei smurte med Norsk Karmbrenduren, men kva det var fyre veit eg ikkje. 42. Sivert Rangen i Nærbø, Svendsonen i Orre, var koppedoktarar. Eg var som gut og henta Sivert til far når han skulde koppast. Sivert hadde ein kvass ting, kallast bill, so han smilla til med langfingeren, og hogg to-tre kutt, umlag 3 m.m lange, sette på et horn, sugde til godt. Imedan hadde han eit stykke spikekjøt, so tunga plasera til kork på hornet. So trekk trykket i hornet det vonde blod ut, tok man burt kjøtstykket, tok av hornet, so stod der igjen ein stor topp med blodlevrer. 46. sjå 23.

47. Far hadde sine saker innlåste i et lite skap.

53. Kan eg koma yver noko ting seinare skal nærare upplysning sendes.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15584